


 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan			
Dokumenttype: Prosjektmål	Godkjend av:	Gjeld frå:	Tal sider: 6	
Utarbeidd av: Einar Aalen Hunsager	Godkjend dato:	Revidert dato: 16.11.2016 etter tilsegn om tilskot	Arkivsak:	

Versjon av prosjektplan: 1
Dato: 22.06.16

Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde

Bakgrunn

Redusjonen av klimagassutslepp fra vegtrafikken er avhengig av køyretøy som dekkjer behova til brukarane og tilgjengeleg infrastruktur for alternative drivstoff. Medan elektrifiseringa av personbilparken er kome langt (5 % av personbilane i Hordaland), er næringstransporten fortsatt i startgropa. Elbilar utgjer berre 0,5 % av varebilane i Hordaland (OFV).



Drosjenæringa har ein køyreprofilen med høge krav til rekkevidde og effektivitet kombinert med krav til inntening. Andre næringar vil kunne lære av dei erfaringane drosjenæringa gjer.

Klimagassutsleppa frå drosjenæringa var lenge betre enn gjennomsnittet i personbilparken elles. Men gjennomsnittleg klimagassutslepp til nye drosjar syner ikkje å verte redusert i tråd med marknaden elles og dei nasjonale måla om 85 g CO₂/km innan 2020. Som eit kollektivtransporttilbod i ein by med tidvis høg luftforureining har drosjane difor fått mykje medial og politisk merksemd.

Tilrettelegging for utsleppsfree drosjar er ein føresetnad for andre verkemidlar på fylkeskommunalt og kommunalt nivå:

- Hordaland fylkeskommune er løyvemynde for drosjetenester. Med dei forventa endringane i yrkestransportlova vil fylkeskommunen kunne stille miljøkrav ved tildeling av løyve i framtida. For å vurdere dette i Bergen køyreområde må Hordaland fylkeskommune vise til at låg- og/eller nullutsleppsteknologien er praktisk og økonomisk mogleg å ta i bruk.
- Samstundes er Hordaland fylkeskommune etterspørjar av drosjetenester for over 100 mill. kroner i året. Drosjar køyrar på oppdrag for fylkeskommunen innafor skuleskyssordninga. For å vurdere miljøkrav ved anbodskonkuransen i Bergen køyreområde må fylkeskommunen vise til at låg- og/eller nullutsleppsteknologien er praktisk og økonomisk mogleg å ta i bruk. Førebuinga av neste anbodskonkurranse skjer våren 2018.
- Bergen kommune har som mål å innføre fossilfrie eller nullutsleppssonar i Bergen sentrum. Det er avgjerande å legge til rette for ein utsleppsfree kollektivtransport (inklusive drosjetransport) for å vurdere eit slikt tiltak.

Det er difor avgjerande å få på plass infrastruktur som er tilgjengeleg for låg- og nullutsleppsdrosjar i Bergen køyreområde. Fylkeskommunen har invitert alle drosjesentralar i Bergen køyreområde til dialog rundt slik tilrettelegging. Dialogen munna i at eitt selskap forpliktar seg til å prøve ut elbilar, medan eitt anna forpliktar seg til å teste hydrogenbilar. Fylkeskommunen har tro på at ulike teknologiske løysingar kan dekke ulike behov og

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan			
Dokumenttype: Prosjektmål	Godkjend av:	Gjeld frå:	Tal sider: 6	
Utarbeidd av: Einar Aalen Hunsager	Godkjend dato:	Revidert dato: 16.11.2016 etter tilsegn om tilskot	Arkivsak:	

ser på det som ei styrke for kundar og tilbydarar at det vert lagt til rette for både hydrogen- og elbilar i drosjedrift.

Vi viser difor til ein annan søknad frå Hordaland fylkeskommune om stønad til hydrogenfyllstasjon. Begge infrastrukturprosjekt vil vere opne for alle løyvehavarar i Bergen køyreområde og kan gje ein vidare dynamikk mellom tilbod og etterspurnad av alternative drivstoff. Det gjer det lettare å seinare utvide tilboden, slik at desse to prosjekta legg grunnsteinen for ein utsleppsfri drosjenærings i Noregs nest største by.

Hovudmålet er reduksjon av klimagassutslepp frå transportsektoren. Politisk forankra mål i Bergen kommune er fossilfri transport innan 2030, i Hordaland fylkeskommune 40 % utsleppsreduksjon innan 2030. Basisår for målsettinga til fylkeskommunen er 1991 med 610.900 tonn CO₂-ekvivalentar frå vegrailfikken. For 2013 er utsleppa berekna til 840.000 tonn CO₂-ekvivalentar, 4 tonn mindre enn 2011. Med stagnerande trafikkvekst og 10 % elbilar i bomringen i Bergen er det grunn til å tro at utsleppa no går ned.

Formål med prosjektet (effektmål)

Gjere utsleppsfrie drosjetenester tilgjengelege i Bergen køyreområde.

Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjektmål)

Etablere ladeinfrastruktur ved sentrale drosjehaldeplassar i Bergen køyreområde. Ladeinfrastrukturen på offentlege haldeplassar skal vere tilgjengeleg for alle drosjar, og er tilpassa ei fyrstebruksgruppe på 10 elektriske minibussar.

Avgrensing

Ladeinfrastrukturen skal berre vere tilgjengeleg for drosjar. Dei ulike eigarane av ladeinfrastruktur har ansvaret for å organisere drift og betalingsløysing.

Interessentanalyse

Drosjesentralane har representert løyvehavarane i dialogen. Alle aktørar har vorte invitert til å delta og å kome med innspel. Overgangen til elektrisk drift krev investeringar, utgjer ein risiko og kan gje innsparingar i drift. Alle drosjesentralar erkjenner kor viktig deira miljøansvar er – i kommunikasjonen utad, for politiske målsettingar og ikkje minst økonomisk.

Ansvarleg for tilbringartenester ved Avinor Flesland ønskjer å samle erfaringar med etablering og drift av ladestasjonar. Samarbeidet med fylkeskommunen er verdfult for å setje i gang tiltak og lære av kvarandre.

Løyvemynden i fylkeskommunen vert løypande orientert om tilrettelegginga.

Risikovurdering

~~Det er knytt risiko til statleg medfinansiering. Utan tilskot til utbygginga ved flyplassen og drosjesentralen vil aktørane ikkje vere i stand til å finansiere alle delprosjekta.~~

Det er fare for forseinkingar knytt til straumforsyning. I tidlegare prosjekt har vi erfart at nettselskapet har dårlig gjennomføringskapasitet. Det kan gje opp til 3 månadar forseinking. Dessutan er etableringa på Flesland knytt til andre utbyggingsplanar. Då kan andre forhold føre til utsettingar i prosjektet.

Leveringstida for køyretøy vert oppgitt av forhandlar til 4 månadar. Taxi 1 AS har ingen tidlegare erfaringar med leverandøren og reknar med at det kan vert forseinkingar knytt til leveransen. Det er teke høgde for 6 månadars leveringstid i tidsplanen.

På lengre sikt er det knytt risiko til dei elektriske køyretøya i drosjedrift. For det første føreligg det ingen erfaringar med reparasjon av akkurat desse køyretøya i Bergen. For det andre må brukarane tilpasse køyerutene til rekkevidde og ladetid. System for smart lading ved drosjesentralen må takast i bruk og oppdragsfordelinga må tenkja i samanheng med ladeinfrastrukturen. Denne tilpassinga avheng av forholdet mellom menneske og datasystem og kan skape forseinkingar i startfasen.

Aktivitetsplan

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan			
Dokumenttype: Prosjektmål	Godkjend av:	Gjeld frå:	Tal sider: 6	
Utarbeidd av: Einar Aalen Hunsager	Godkjend dato:	Revidert dato: 16.11.2016 etter tilsegn om tilskot	Arkivsak:	

Hordaland fylkeskommune etablerer 4 fleksiladarar (44 kW AC, type 2) på drosjehaldeplass i Bergen Bystasjon. Drift med betalingsløysing tilgjengeleg for alle løyvehavarar vert lagt ut på anbod.

Taxi 1 AS etablerer 10 fleksiladarar (44 kW AC, type 2) på sin drosjesentral ved Drotningsvik i Bergen. Drosjeselskapet tek sjølv ansvar for drift. Desse ladarane er berre tilgjengeleg for Taxi 1. Selskapet investerer i 10 elektriske minibussar av typen Mercedes Sprinter.

Avinor Flesland etablerer 4 fleksiladarar (44 kW AC, type 2) og 2 hurtigladalarar (53 kW DC, Chademo/CCS) på drosjedepot ved Bergen lufthamn Flesland. Drift med betalingsløysing tilgjengeleg for alle løyvehavarar vert lagt ut på anbod.

Tidsplan

Kva?	Kven?	Når?	Frist?
<u>Innhenting av erfaring (Oslo kommune) og dialog med tilbydarar, eventuelle tilpassingar</u>	<u>Hordaland fylkeskommune</u>	<u>November – desember 2016</u>	<u>15.12.16</u>
<u>Informasjon til drosjenærings, løyvemynde og kommune, eventuelle tilpassingar</u>	<u>Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga i samarbeid med Samferdselsavdelinga</u>	<u>Desember 2016 – januar 2017</u>	<u>31.01.16</u>
<u>Etablere ladestasjonar Bergen bystasjon</u>	<u>Hordaland fylkeskommune, Egedomsavdelinga</u>	<u>Hausten 2016</u>	<u>30.11.16</u>
<u>Organisere etablering og drift av ladestasjonar i Bergen bystasjon</u>	<u>Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga i samarbeid med Egedomsavdelinga</u>	<u>Hausten 2016Februar – mars 2017</u>	<u>30.11.1631.03.17</u>
<u>Etablere ladestasjonar og driftssystem Drotningsvik</u>	<u>Taxi 1 AS</u>	<u>Hausten 2016Våren 2017</u>	<u>30.11.1630.06.17</u>
<u>Kjøpe 10 elektriske minibussar</u>	<u>Taxi 1 AS</u>	<u>Våren 2017</u>	<u>30.06.17</u>
<u>Etablere ladestasjonar Flesland lufthamn</u>	<u>Avinor Flesland</u>	<u>Våren 2017</u>	<u>30.06.17</u>
<u>Organisere drift av ladestasjonar Flesland lufthamn</u>	<u>Avinor Flesland</u>	<u>Våren 2017</u>	<u>30.06.17</u>



Prosjektplan

Dokumenttype: Prosjektmål	Godkjend av:	Gjeld frå: Revidert dato: 16.11.2016 etter tilsegn om tilskot	Tal sider: 6
Utarbeidd av: Einar Aalen Hunsager	Godkjend dato:	Arkivsak:	

Kostnads- og finansieringsplan

Prosjektdel	Budsjettpost	Kostnadar			Innsats frå prosjektpartnarene			Finansiering		
		Estimerte kostnadar - estimerte kostnadar	Tillegg/ufør esette 5% tillegg uføresette kostnadar	Sum kostnadar Su m kostnadar	Hordaland fylkeskomm une Hordala nd fylkeskomm une	Taxi 1 AS	Avinor Flesland	Samla eigeninnsats	Søknadssu m	Sum finansiering
Forprosjekt prosjekt	Koordinasjon og førebuing (400 kr/t) Koordinasjon og førebuing (400 kr/t)	-	-	32 000 32 000	32 000 32 000			-32 000		-32 000
Forprosjekt prosjekt	Kostnadsestimat frå konsulent (850 kr/t) Kostnadsestimat frå konsulent (850 kr/t)	-	-	46 750 46 750	46 750 46 750			-46 750		-46 750
Forprosjekt Førprosjekt	SUMSUM	-	-	78 750 78 750	78 750 78 750			-78 750		-78 750
Hovudproj. Hovedprosjekt	Ladestasjonar Taxi 1 Bergen vest Ladestasjonar Taxi 1 Bergen vest	1 362 420 1 362 420	68 121 68 121	1 430 541 1 430 541		-715 271		-715 271	-715 271	-1 430 541
Hovudproj. Hovedprosjekt	Smartstyring av lading Taxi 1 Smartstyring av lading Taxi 1 Bergen vest	100 000 100 000		100 000 100 000		-50 000		-50 000	-50 000	-100 000
Hovudproj. Hovedprosjekt	Ladestasjonar Bergen Bystasjon Ladestasjonar Bergen Bystasjon	299 840 299 840	272 452 14 992	572 292 314 832	400 000 314 832			-314 832		-314 832
Hovudproj. Hovedprosjekt	Ladestasjonar Flesland Ladestasjonar Bergen lufthamn Flesland	1 547 500 1 547 500	77 375 77 375	1 624 875 1 624 875	300 000 300 000			-512 438	-812 438	-812 438
<i>Eigeninnsats generelle investeringar</i>		-		-	-			-1 892 540	-1 577 708	-3 470 248
Hovudprosjekt	Grunnkostnadar 10 køyretøy Taxi-1	-7 866 090		-7 866 090	-	-7 866 090		-7 866 090	-	-7 866 090
<i>Eigeninnsats grunnkostnadar</i>		-		-	-			-7 866 090	-	-7 866 090
Hovudprosjekt	Meirkostnadar 10 elektriske køyretøy Taxi 1	-3 003 910		-3 003 910	-	-750 978		-750 978	-2 252 933	-3 003 910
<i>Eigeninnsats meirkostnad ved innkjøp</i>		-		-	-			-750 978	-2 252 933	-3 003 910



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Prosjektplan

Dokumenttype: Prosjektmål	Godkjend av:	Gjeld frå: Revidert dato: 16.11.2016 etter tilsegn om tilskot	Tal sider: 6
Utarbeidd av: Einar Aalen Hunsager	Godkjend dato:		Arkivsak:

Hovudprosj.H øvudprosjekt	<u>SUMSUM</u>	<u>3 309 760</u> <u>14 179 760</u>	<u>417 948</u> <u>160 488</u>	<u>3 727 708</u> <u>14 340 248</u>	<u>700 000</u> <u>614 832</u>	<u>765 271</u> <u>9 382 338</u>	<u>512 438</u> <u>512 438</u>	<u>1 977 708</u> <u>10 509 608</u>	<u>1 750 000</u> <u>3 830 641</u>	<u>3 727 708</u> <u>14 340 248</u>
OppfølgingØp pfølging	Koordinasjon og rapport. (400 kr/t) Koordinasjon og rapportering (400 kr/t)	<u>16 000</u> <u>16 000</u>	-	<u>16 000</u> <u>16 000</u>	<u>16 000</u> <u>16 000</u>				<u>16</u> <u>000</u>	<u>16</u> <u>000</u>
OppfølgingØppfølging	<u>SUMSUM</u>	<u>16 000</u> <u>16 000</u>	-	<u>16 000</u> <u>16 000</u>	<u>16 000</u> <u>16 000</u>				<u>16</u> <u>000</u>	<u>16</u> <u>000</u>
TotaltTotalt	<u>TOTAL SUMTOTAL SUM</u>	<u>3 325 760</u> <u>14 195 760</u>	<u>417 948</u> <u>160 488</u>	<u>3 822 458</u> <u>14 434 998</u>	<u>794 750</u> <u>709 582</u>	<u>765 271</u> <u>9 382 338</u>	<u>512 438</u> <u>512 438</u>	<u>2 072 458</u> <u>10 604 358</u>	<u>1 750 000</u> <u>3 830 641</u>	<u>3 822 458</u> <u>14 434 998</u>

Det er investeringa i ladeinfrastruktur og i meirkostnaden knytt til kjøp elektriske køyretøy i hovudprosjektet som er lagt til grunn for kostnads- og finansieringsplanen. Vi søker om NOK 1.577.708 til investeringane i ladeinfrastruktur (45 % av kostnadane) og NOK 2.252.933 til investeringa i køyretøy (75 % av meirkostnadane).

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan			
Dokumenttype: Prosjektmål	Godkjend av:	Gjeld frå:	Tal sider: 6	
Utarbeidd av: Einar Aalen Hunsager	Godkjend dato:	Revidert dato: 16.11.2016 etter tilsegn om tilskot	Arkivsak:	

Forprosjektet vart heilfinansiert av Hordaland fylkeskommune hausten 2015 og våren 2016. Konsulenttenester og eigeninnsats svarar til NOK 78.750. **Dette er ikkje ein del av søknaden.**

Hovudprosjektet omfattar reine investeringar i ladeinfrastruktur på NOK 3 på NOK 12.71527.373708. Med emsyn til utlysingskriteria til Klimasats har ein vald å berre leggje inn meirkostnaden ved kjøp av køyretøy. Investeringa i køyretøy er budsjettet som følgjar:

Kjøp av 10 elektriske køyretøy	NOK 9.260.000
Ombygging før rullestol	NOK 1.600.000
Frakt	NOK 100.000
SUM	NOK 10.870.000

Det same køyretøyet med dieselmotor, ferdig ombygd og rabattert vert levert av Berthel O. Steen til drosjenæringa for NOK 786.609. Meirkostnaden for 10 køyretøy er NOK 3.003.910. Dette er ein del av søknaden. Tilskotet fra Miljødirektoratet er på opptil NOK 1.750.000 og kan dekkje opp til 50 % av dokumenterte kostnadar for utbygginga av ladeinfrastrukturen.

Miljødirektoratet gjev ikkje tilskot til private investeringar i køyretøy.

Oppfølginga med koordinasjon og rapportering er eigeninnsats frå Hordaland fylkeskommune tilsvarande NOK 16.000. Dette er ikkje ein del av søknaden.

Plan for kommunikasjon og rapportering

Ansvarleg for intern kommunikasjon i prosjektet er Regionalavdelinga ved Hordaland fylkeskommune. For ekstern kommunikasjon nyttar prosjektpartnerane sine respektive kommunikasjonsansvarlege. Det er planlagt å markere opninga av ladestasjonane og oppstart av det elektriske drosjetilbodet med politisk deltaking frå fylkeskommunen.

Organisasjon

Prosjektpartnerane har ansvar for kvar sin del av prosjektet. Regionalavdelinga i fylkeskommunen bistår fagleg og koordinerer planlegginga, søknaden og rapporteringa.

Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt

Prosjektpartnerane har ansvar for drifta og forpliktar seg til å oppretthalde ladeinfrastrukturen i minst 3 år.

Vedlegg

Namn på vedlegg:	Dokumentasjon:
Electric Sprinter EN	Pris og spesifikasjon elektriske køyretøy
Tilbod Bertel O Steen MB Sprinter	Mercedes-Benz Sprinter 316/37 Kombi
Forprosjekt Ladeinfrastruktur for taxi bransjen i Bergen	Ladeløysing og kostnadsestimat Bergen Bystasjon og Taxi 1 Bergen vest
Kostnadsestimat Ladestasjoner Bergen lufthamn Flesland v2	Ladeløysing og kostnadsestimat Bergen lufthamn Flesland
Budsjett for Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde	Kostnads- og finansieringsplan i excel-form